



Notat

Dato: 12.11.2018
Arkivsak: 2017/14201-5
Saksbehandlar: venbar

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Status for forlenga prosjekt - Innenfor skolen

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Dan Femoen (H) i møte i OPHE 06.11.2018:

«Ber om eit notat ad erfaringar med prosjektet om skulehelsetenesta i samarbeid med Bergen kommune som ikkje vurderast vidareført i fylkesrådmannens budsjett for 2019. Det vert anmoda om at notatet vert lagt fram i forkant av møtet i fylkesutvalet.»

«Innenfor skolen» har i 2018 vore finansiert av tilskotsmidlar frå Hordaland fylkeskommune, men er forankra i Etat for barn og familie, Bergen kommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Det overordna mandatet til «Innenfor skolen» blei lagt fram i tildelingsbrevet frå Hordaland fylkeskommune datert 07.12.2017. I tildelingsbrevet står det følgjande:

«Bergen kommune får eit tilskot på kr. 2 000 000 for styrke skulehelsetenesta gjennom å vidareføre prosjektet «Innenfor skolen» ut 2018.

I tillegg blir det arrangert ein fagdag for helsesøstrer i dei vidaregåande skulane i fleire kommunar. Fagdagen skal vera eit samarbeid mellom Bergen kommune og opplæringsavdelinga. I løpet av prosjektperioden skal ein sjå på kva for erfaringar ein kan trekkje ut av dette prosjektet, med mål om at det kan bidra til betre samhandling og eit betre skulehelsetilbod til elevane i fylket.»

Som ein kan lese i utdraget av tildelingsbrevet, skal tilskotet vere ei forlenging av prosjektet som hadde oppstart i 2015. Forlenginga er definert for eitt år, 2018, før prosjektet vert avslutta. Restsummen som er att ultimo november 2018, vil bli overført og brukt til å forlengje prosjektet ut skuleåret 2018-2019. Prosjektet blir difor avslutta i juni 2019. Det vil truleg òg vere midlar til å gjennomføre meistringsgrupper på Slåtthaug vidaregåande skole, Arna vidaregåande skule og Tertnes vidaregåande skule. Dersom dei økonomiske rammene tillet det, ønskjer ein vidare å lære opp helsesøstrer på dei tre nye skulane i DU-metodikken (DU betyr depresjonsmeistringsgrupper for ungdom).

Skuleåret 2017/2018 var det fem skular med i prosjektet. Ein av skulane er ein privat skule som har finansiert prosjektet sjølv i 2018. Ytterlegare tre nye skular er innlemma i prosjektet frå vår/haust 2018.

1. Arna vgs.
2. Fyllingsdalen vgs. (2018)

3. Laksevåg vgs. (2018)
4. Slåtthaug vgs.
5. Tertnes vgs.
6. Årstad vgs.
7. Åsane vgs. (2018)

Tala for skuleåret 2018/2019 vil først vere klar i juni 2019.

Tilskotsmidlar er i 2018 brukt til helsesøsterstillingar øyremerka for oppfølging av elevfråvær, og det er utarbeidd rutinar og skjema som vert brukte til denne oppfølginga. Helsesøstrer på sju skular har hatt auka stillingar for å følge opp samarbeidsrutinen og oppfølging av elevfråvær i 2018. Oversikt over helsesøsterstillingar er lagt fram i tabell 1: Finansierte helsesøsterstillingar i 2018 i prosjektet «Innenfor skolen».

Skular	Storleik stilling	Frå dato til dato
Helsesøster Årstad vgs.	20 %	01.01.18-31.07.18
Helsesøster Slåtthaug vgs.	20 %	01.01.18-31.12.18
Helsesøster Slåtthaug vgs.	10 %	01.08.18-31.10.18
Helsesøster Slåtthaug vgs.	5 %	14.02.18-31.05.18
Helsesøster Tertnes vgs.	10 %	01.01.18-31.12.18
Helsesøster Arna vgs.	30 %	01.01.18-31.12.18
Helsesøster Laksevåg vgs.	20 %	01.08.18-31.12.18
Helsesøster Fyllingsdalen vgs.	20 %	23.04.18-31.12.18
Helsesøster Åsane vgs.	20 %	01.08.18-31.12.18

Prosjektleder Ingrid Langeland, Bergen kommune, har hatt ei 50 % stilling i prosjektet.

I tillegg til oppfølging av fråvær har tilskotet frå Hordaland fylkeskommune gjort det mogleg å gjennomføre meistringsgrupper på tre av prosjektskulane i 2018.

Rådgivar ved Bergen katedralskole har fått opplæring i DU-metodikk finansiert av prosjektmidlar frå «Innenfor skolen» hausten 2018. Bergen katedralskole ønskjer å starte opp meistringsgrupper, og det er behov for to kurshaldarar. Helsesøster på Bergen katedralskole har allereie opplæring i DU-metodikken.

I august 2018 gjennomførte Bergen kommune i samarbeid med opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune ein felles fagdag for både skulehelsetenesta, skuleleiarar, OT/PPT og andre samarbeidspartnarar. Arrangementet låg som eit krav i tildelingsbrevet frå opplæringsavdelinga.

Prosjektleder ønskjer å delta i eit leiarmøte i opplæringsavdelinga våren 2019. Agenda på neste styringsgruppemøte i januar vil vere å drøfte ulike modellar for vidareføring av «Innenfor skolen». Prosjektleder utarbeider endeleg prosjektrapport ved prosjektslutt.

Løyvinga til «Innenfor skolen» er ikkje vidareført i budsjett 2019 fordi den aktuelle utprøvinga er gjennomført, og det er ikkje teke stilling til på kva måte samarbeidet med Bergen kommune skal først vidare og kva kostnader dette eventuelt vil bety.